



Prof. M. Kartveit med festskriftet som kollegaer og venner skreiv til han då han fylte 65 år.

I byrjinga av mars arrangerte Uskedal sokneråd ein svært vellukka temakveld med professor Jørn Øyrehagen Sunde. No er eit nytt tema og ein ny professor klar til å følgja opp. Fredag 15.april kjem professor i Det gamle testamentet, Magnar Kartveit, på besøk. Ramma vert den same med føredrag, musikk og kyrkjekaffi, og soknerådet har sendt ut følgjande pressemelding:

Fredag 15.april har vi fått ein professor i Det gamle testamentet, Magnar Kartveit, til å koma og ha ein temakveld for oss. Han har hatt bibeltimar omkring Jobs bok før påske, og no vil han snakka om dette til oss.

'Den rettferdige som lir - Jobs bok' Han vil vise oss Jobs bok i lys av Jesu ord i Johannes 9. Der spør disiplane kven som har synda sidan mannen vart fødd blind, mannen sjølv eller foreldra? Jesus svarar at ingen har synda, og det same med Job som mista alt, men vert rekna som rettferdig.

Det er eit spanande tema, og vi vil opna for spørsmål/diskusjon etter foredraget. Vi set og fram litt kyrkjekaffi, og håpar på ei fin stund i kyrkja denne kvelden.

Velkommen til alle.

Tekst: Svanhill Haugland, Uskedal sokneråd

Foto: Misjonhøgskulen i Stavanger.

Nett: Thor Inge Døssland